



DEN NORSKE KYRKJA
Kviteseid Sokneråd

Referat etter møte i Kviteseid Sokneråd tysdag 23. januar 2018 kl. 17.30

På kommunehuset i kantina i kjellaren

Innkalla:

Leiar: Hans Kristian Aabø, Nestleiar Håkon Birkeland, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Magnhild Vaagen Kvalbein, Hanne Roholdt, Vidar Syrtveit Mikalsen, Gunn Karin Eikåsen og Sokneprest Møyfrid Lunde.

Kommunens representant Tore Åsland

1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn

Kyrkjeverje Kristen Salmelid

2., 3. og 4. vara: Astrid Grave Aase, Jan Rune Bjørnson og Sveinung Råmunddal

Melde forfall:

Gunn Karin Eikåsen og 1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn

Møtte ikkje:

Hans Kristian Aabø og innkalla varapersonar: Astrid Grave Aase, Jan Rune Bjørnson og Sveinung Råmunddal

Ord for dagen ved Møyfrid Lunde.

Møtet startar med varm servering.

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Laila Maria Andreasen og prost Asgeir Sæle)

Sak 04/18	Innkalling og saksliste	HB
	<p>Forslag til vedtak: Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.</p> <p>VEDTAK: Innkallinga og sakslista vart godkjend, og møtet lovlig sett. Kyrkjeverja vart beden om å føre referat.</p>	
Sak 05/18	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 10.01.2018	HB
	<p>Forslag til vedtak: Referatet frå møtet 10.01.2018, sendt ut på mail 11.01.2018, vart godkjend utan merknader.</p> <p>VEDTAK: Som føreslege.</p>	

Sak 06/18	Val av leiar og nestleiar	HB
	<p>Leiar og nestleiar av soknerådet veljast for eit år om gangen. På møtet 10. januar vart det ingen løysing på saka, og møtet vart heva utan handsaming av val og dei andre sakene. Etter møtet er det danna grunnlaget for nye leiarar.</p> <p>Forslag til vedtak: Håkon Birkeland veljast som leiar og Magnhild Vaagen Kvalbein veljast som nestleiar av Kviteseid sokneråd for 2018. Magnhild fråtrer då leiaransvaret for kyrkjelydsutvalet i Kviteseid. Det overtek sokneprest Møyfrid Lunde til utvalet eventuelt finn ein annan leiar.</p> <p>Handsaming under møtet: Det kom ingen andre forslag til kandidatar. Det vart presisert at Magnhild ikkje berre fråtrer som leiar, men og som medlem av kyrkjelydsutvalet i Kviteseid.</p> <p>VEDTAK: Håkon Birkeland vart vald som leiar og Magnhild Vaagen Kvalbein som nestleiar av Kviteseid sokneråd for 2018. Magnhild forlèt kyrkjelydsutvalet i Kviteseid. Der går sokneprest Møyfrid Lunde inn inntil vidare.</p>	
Sak 07/18	Post og meldingar	MG, HB, VSM, KS
	<ol style="list-style-type: none"> 1. <u>Marit Gotuholt</u> orienterar om føreståande arrangement: <ol style="list-style-type: none"> a. 10.12.: <i>Emil Solli-Tangen konsert i Kviteseid kyrkje kl. 19.00. Det var om lag 50 til stades. Konserten kolliderte med annan konsert på Sundvang nesten samstundes.</i> b. 17.12.: <i>Den årlege JULEKONSERTEN i kyrkja. Heil fullt med 200 til stades trass kald kyrkje etter straumbrot i fleire dagar. Det kom naudaggregat som gav ljøs i siste liten. Organist Dagfinn Køhn vart heidra med medalje og diplom for 30 års teneste.</i> c. Konsertar ved Olav Mosdøl våren 2018: <ol style="list-style-type: none"> i. Det vert ikkje noko av konsert i februar (avklara 24.1) ii. Seljord songlag framfører tekstar av Olav Mosdøl i Kviteseid kyrkje 22.april, truleg kl. 19.00 d. Andre arrangement i 2018: Førespurnad om julekonsert med Trine Rein og Eli Kristin Hanssveen i uke 49 vart støtta av soknerådet. 2. <u>Håkon Birkeland</u> melder frå fellesmøtekomiteen: <ol style="list-style-type: none"> a. <i>Felles familiemøte på Misjonshuset søndag 21.januar</i> b. Fellesmøter 9.-11- mars. Stad: Fredheim. Kyrkjans ansvar: Møtevertar og kollektørar (Kristen S, Marit G, Hanne R og Magnhild K). Talar: Geir Johansen frå Misjonsforbundet. c. Felles sangmøte 30. september (stad ikkje avklara). Songar: Arvid Pettersen. 3. <u>Vidar Syrtveit Mikalsen</u> melder frå trusopplæringsutvalet om møter i haust og vinter, og om fest for frivillige i trusopplæringsarbeidet 14. januar. Trusopplæringsutvalet er no aktivt igjen og består av Sigrun Egeland (ny), Vidar Syrtveit Mikalsen, Birgitte N Danielsen (sekretær) 	

	<p>og Møyfrid lunde (sokneprest) Eli Rognsvåg og Gunnar Salmelid er gått ut.</p> <ol style="list-style-type: none"> 4. Arbeida med vindauge-glasa i Kviteseid kyrkje vart ikkje ferdig i 2017, men er ikkje komplisera frå kommunen av den grunn. Pengane er gjevne til formåla og arbeidet går sin gang. 5. Kyrkjestova i Brunkeberg vart tatt i bruk igjen 14. januar med nytt golv. 6. Rapport frå prostidiakon Eilev Erikstein for 2017 var lagt ved som orientering ved førige innkalling. Den ligg no på nettsida vår under <i>Soknerådet</i> og <i>Diakoni</i>. 7. Nettsida til Kviteseid sokn får stadig meir og betre innhald (kviteseid.sokn.no). Digital påmelding til dåp og vigsel ser vi fungerer. 8. Bileta av Borgny Svalastog som vi har hatt til utstilling i kyrkjene i eitt år no, er teken ned av Rune lia og kyrkjetenar. 9. LED-ljos som lyskastarar på kyrkjene er det ikkje funne rom i budsjettet i 2018. I Fjågesund har det ofte vore feil med dagens lyskastarar, så der monterast led-ljos våren 2018. 10. Kyrkjeverja informerte kort om forskjellige årsavslutningar og rapportar. 11. Ein modell av ein seglskute vart av grendelaget i Kilen gjeve til Kilen kapell til 50 års jubileet i Kilen i 2008. Det har sidan vore stua bort og nær gløymt. Nå er søknad om å få hengje det opp, sendt til biskopen for godkjenning. 12. Ein publikumsinformasjon om gravferd og gravplassar i Kviteseid frå 2003, er no revidert og ute 'på høyring' i soknerådet før den vert gjort tilgjengeleg for andre. 13. Om fasteaksjonen 20. mars: Sjå sak frå soknepresten. 	
<p>Sak 08/18 FR</p>	<p>Lønsendring for organist Dagfinn Køhn</p>	<p>HB</p>
	<p>Under handsaming av sak 65/17 vart det stilt spørsmål ved om organisten var rett lønsplassert.</p> <p>Køhn har sidan tidleg på 2000-talet vært plassert i KA sitt lønssystem i lønsgruppe 4 (5175 Kantor). I same lønsgruppe fins òg organist.</p> <p><u>Lønsgruppe 4</u> er for 'Stillinger med krav om utdanning i samsvar med Tjenesteordning for kantorer...' Krava er mellom anna</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. 4 års kirkemusikkutdanning med 240 studiepoeng, <u>eller</u> 2. 3 års grunnutdanning i kirkemusikk samt tillegg med forskjellige andre fag som kristendom m.m. <p>Om <u>Lønsgruppe 5</u> heiter det i tillegg til krava over, at kantoren har relevant utdanning som tilsvarende fordypning på hovudfag-/diplom-/masternivå.</p> <p>Køhn har god gamaldags hovudfag i musikk, nærare bestemt musikkutdanning med spesialisering på kyrkjemusikk frå og med mellomfag, i tillegg til sjølve hovudoppgåva. Spesialiseringen kvalifiserer derimot ikkje til eit tillegg på kr 12.000 som vart innført sentralt frå 01.05.2009.</p> <p>Kyrkjeverja hadde detaljert mailkorrespondanse med konsulent i KA om dette 2.jan.2018. Bakgrunnsinformasjon finn du mellom anna her: http://www.ka.no/static/article/1405856#5-1 (gjeldande HTA), og http://www.ka.no/sak/article/1146541 (KA-rundskriv frå 2009), for dei som vil studera sjølv.</p> <p>Køhn har på oppmoding frå kyrkjeverja søkt om ny lønsplassering.</p>	

	<p>I KA si hovudtariffavtale heiter det at lokale lønstillegg opparbeida i ei lønsgruppe, ikkje blir med vidare ved lønsplassering i ei høgare lønsgruppe. Tillegget vedteke i sak 65/17 og tidlegare opparbeida tillegg fell då bort.</p> <p><i>Vedlegg: Søknad frå Køhn om ny lønsplassering.</i></p> <p>Kyrkjeverja si innstilling: Soknerådet plasserer Dagfinn Køhn i KA si lønsgruppe 5 med minste garantiløn (kr 554.200) med verknad frå 01.01.2018. Tidlegare opparbeida og vedtekne tillegg fell då bort. Det vert ikkje etterbetalt noko for tidlegare år.</p> <p>VEDTAK: Samrøystes vedteke som foreslege.</p>	
<p>Sak 09/18 FR</p>	<p>Gjennomgang av soknet sine forsikringar</p>	<p>HB</p>
	<p>Kviteseid sokn har alle sine <u>personalforsikringar gjennom KLP</u>. Der er det</p> <ul style="list-style-type: none"> A. Gruppeliv B. Lovpålagt Yrkesskade C. Ulykke fritid og D. Kollektiv pensjonsforsikring (Offentleg tenestepensjon) <p>Alle <u>andre forsikringar er gjennom KNIF Trygghet Forsikring</u>. Det gjeld</p> <ul style="list-style-type: none"> 1. Alle kyrkjebygg og lausøre i kyrkjene 2. Andre bygningar (bårehus og reiskapshus/boder) 3. Kjøretøy og maskinar 4. Frivillige i kyrkjeleg arbeid og deltakarar under kyrkjelege handlingar er dekkja av ein kollektiv forsikring som KA har i KNIF. <p>Kyrkjeverja meiner vi er korrekt og godt forsikra.</p> <p><i>Vedlegg: Utval av forsikringsavtalar</i></p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet takkar for gjennomgangen av forsikringane.</p> <p>VEDTAK: Samrøystes vedteke som foreslege.</p>	
<p>Sak 10/18 FR</p>	<p>Driftsbygningar Kviteseid kyrkje</p>	<p>HB</p>
	<p>Kyrkjeverja har tidlegare informert soknerådet om planar om to enkle bygg tilknytt bårehuset ved Kviteseid kyrkje. (sak 73/17 pkt. 6 b). Byggeplanen vart godkjent så fort i planutvalet i kommunen at kyrkjeverja ikkje hadde rukke å forankra saka med handsaming i soknerådet.</p> <p>Det vart og i slutten av 2017 sendt ein enkel søknad om godkjenning til biskopen, og på grunnlag av tilbakemelding på den, er det utarbeida ein betre dokumentert søknad til biskopen no i januar 2018 .</p>	

	<p>Økonomisk er det ikkje funne rom i driftsbudsjettet for 2018 til å gjera så mykje med dette, og det er heller ikkje med i investeringsplanen. Likevel ynskjer kyrkjeverja handsaming av saka i soknerådet, for å sjå om det er noko å gå vidare med. Utgangspunktet for at saka har kome fram i staben, er omsynet til dei tilsette sine arbeidstilhøva.</p> <p>Det meste av saka er gjort reie for i søknaden til biskopen, som ligg ved.</p> <p><i>Vedlegg:</i> <i>Dokument bårehus Kviteseid</i></p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet takkar for orienteringa og støtter vidare arbeid med saka. Det som er gjort så langt for å betre arbeidstilhøva for dei tilsette, er bra. Soknerådet oppmodar til å halda fram med det. Soknerådet ser og nytten av tilbygg og carport for å rydde opp og taka betre vare på maskinar, kjøretøy og utstyr. Det er likevel viktig at det ikkje vert gjort meir bygging enn det som er økonomisk grunnlag for i budsjettet.</p> <p>VEDTAK: Samrøystes vedteke som foreslege, med tillegget: Saka kan eventuelt setjast opp på investeringsplanen for 2019.</p>	
<p>Sak 11/18 FR</p>	<p>Driftsbudsjett 2018</p>	<p>HB</p>
	<p>Driftsbudsjettet er bygd opp etter tidligare års rekneskap og budsjett, samt førebels rekneskap for 2017. Det viser pr. 3.1.18 eit meirforbruk på vel 73.000 kr, men er ikkje avslutta.</p> <p>Hovudinntekta for drifta er tilskot frå kommunen etter kyrkjelova. Der har vi fått eit tillegg på 3,0 % i forhold til 2017 til samanlagt kr 3.3129.000.</p> <p>Det er i det framlagde forslaget til driftsbudsjett ikkje rom for så mykje vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar som ynskjeleg. Blir resultatet frå 2017 betre enn forventa, kan ein koma attende til meir vedlikehald i revidera budsjett seinare.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tilskot frå staten via bispedøme for trusopplæring, går i balanse. Det er ikkje budsjettert med auke på avgift for konfirmantane. • Festeavgift er også uendra på kr 200 pr. grav pr. år. • Tenesteytingsavtala er framleis på kr 148.000, men skulle absolutt vore revidert og oppjustert. Mellom anna førte kommunen sin rekneskapsfører om lag 200 bilag for fellelrådet tidlegare. I 2017 vart det ført over 1000 bilag, der mykje av auken er fordi kvar faktura for festeavgift nå vert ført enkeltvis, etter krav frå revisor og i hht rekneskapslova. <p>Etter at saka vart send ut til førre møte, men ikkje handsama, er prognosane frå KLP for den kollektive pensjonsordninga blitt kjent. Dei auka våre samla utgifter med kr 56.000. Andre utgifter måtte då reduserast tilsvarande for å få balanse. Det har gått ut over mellom anna vedlikehald av bygg, og arrangement, som frå før var mykje lågare enn ynskjeleg.</p>	

	<p>Forslag til samla utgifter og inntekter balanserar med kr 4.811.800. Dette er 1,55 % auke samanlikna med revidert budsjett for 2017.</p> <p><i>Vedlegg:</i> <i>Budsjettforslag detaljert 2018</i> <i>Budsjettforslag 2018 for vedtak (berre hovudtal)</i> <i>Trusopplæring rekneskap 2017 og budsjett 2018</i></p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet vedtar fylgjande driftsbudsjett for Kviteseid sokn for 2018:</p> <p><u>Kpt. 110 Kyrkjeleg administrasjon</u> omsetnad på kr 980.000 og overskot på kr 2.100</p> <p><u>Kpt. 111 Kyrkjer</u> omsetnad på kr 1.829.100 og underskot på kr 81.000</p> <p><u>Kpt. 112 Kyrkjegardar</u> omsetnad på kr 1.353.90000 og overskot på kr 169.500</p> <p><u>Kpt. 113 Andre kyrkjelege formål</u> omsetnad på kr 712.000 og underskot på kr 110.600</p> <p>Samla utgifter og inntekter balanserar med kr 4.851.200.</p> <p>VEDTAK: Samrøystes vedteke som foreslege etter retting av små feil.</p>	
<p>Sak 12/18 FR</p>	<p>Investeringsbudsjett 2018</p>	<p>HB</p>
	<p>Kommunen har også for investering gjeve løyvingar i høve til soknerådet sitt ynskje og soknerådet si vurdering. Det er mange ting det må gjerast noko med, men berre det mest prekære blir teke i 2018. Det er to mindre flistak som er på høg tid å skifta ut på grunn av råde, og eit prosjekt for å lette på arbeidsbøra til tilsette. Dette er prosjekter med ei samla kostnadsramme på kr 862.000.</p> <p><i>Vedlegg: Investeringsbudsjett 2018 og plan til 2022</i></p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet vedtek fylgjande tri investeringsprosjekt finansiert for 2018:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Reperasjon på Kviteseid gamle kyrke av flistak over sakrestiet (apsis), kostnadsestimert til kr 150.000 (netto) 2. Reperasjon på Brunkeberg kyrke av flistak på tårnet, kostnadsestimert til kr 300.000 (netto) 3. Automatisk ringeanlegg i Kviteseid kyrkje etter pris frå leverandør, kr 230.000 (netto) <p>Dette finansierast med tilskot frå kommunen: kr 640.000, momsrefusjon på kr 170.000, og kr 40.000 i overføring frå eige fond.</p> <p>VEDTAK: Samrøystes vedteke som foreslege.</p>	

Sak 13/18 SR	Øvre Telemark prostiråd	HB
	<p>Prost Asgeir Sæle hadde sin årlege vitjing av Kviteseid sokneråd på sist møte, men slapp ikkje til med sine saker. Ei av dei var representasjon til Øvre Telemark Prostiråd der det er ynskjeleg med ein lek representant frå kvart sokneråd (fellesrådområde) i prostiet. Prosten skriv m.a.:</p> <p>Etter å ha lege nede ei tid, er det no aktuelt å på nytt kalla saman til møte i Øvre Telemark prostiråd.</p> <p>Øvre Telemark prostiråd er etablert for å fremja felles tiltak i prostiet, knytta til gudstenesteliv, forkynning, kyrkjeleg undervisning, diakoni og kultur. Prostirådet har normalt møte to gonger i året for å setja ned arbeidsgrupper, gi arbeidsgruppene mandat og evaluere arbeidet deira undervegs og ved avslutta arbeid. Prostirådet kan ikkje gjera vedtak som er bindande for sokneråda eller andre organ.</p> <p>Prostirådet har éin lek soknerådsmedlem frå kvart av fellesrådsområda i prostiet, éin prest, og éin lek kyrkjeleg tilsett, forutan prosten. <u>Kvart kyrkjelege fellesråd i prostiet vel sin representant med personleg vara.</u> Presten, med personleg vara, vert valt av dei prestane som er i aktiv teneste i prostiet. Den leke kyrkjeleg tilsette, med vara, vert valt av dei leke kyrkjeleg tilsette i prostiet. Prostirådet konstituerer seg sjølv.</p> <p>Den lokale bør vera ein soknerådsmedlem.</p> <p>Fyrste møte er 1. februar kl. 19-21 på kyrkjekontoret i Seljord.</p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet vel Magnhild Vaagen Kvalbein til å representera Kviteseid sokn i prostiutvalet. Vara er kyrkjeverje Kristen Salmelid, som deltek på fyrste møte.</p>	
Sak 14/18 SR	Saker frå sokneprest Møyfrid Lunde	
	<p>Soknepresten har nokre saker og tankar for arbeidet i soknet i 2018:</p> <p>Gudstenestearbeidet</p> <ul style="list-style-type: none"> • Soknepresten ynskjer å bli kjend med fleire folk • Ynskjer nokon friluftsgudstenester. Aktuelt nå kan vera i Åsgrend 19.08.2018 • Årsmøte i soknet vert i Kviteseid kyrkje søndag 4. mars. Det vert leia av nestleiar Magnhild V Kvalbein. (Årsmøtet neste år leggjast til Brunkeberg) <p>Konfirmasjonsåret 2019 planleggjast nå.</p> <p>Soknerådet er opne for å konsentrera konfirmasjonsgudstenestene noko meir. Soknepresten har fått med seg nokre innspel, og sett datoane i samråd med føresette for det konfirmantkullet.</p> <p>Trusopplæringsrapport for 2017 er sendt bispedømmerådet.</p> <p>Plan for samarbeid Skule/barnehage/kyrkje tar Møyfrid opp med dei andre Partane etter å ha hausta litt erfaring frå påske og.</p> <p>Fasteaksjonen er i år 20. mars</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lokale kontaktar fortsetter og har fått litt info på mail: <ul style="list-style-type: none"> ○ Kviteseid: Hans Kristian Aabø (13 konf., 15 bøsse) ○ Vrådal: Håkon Birkeland (1 konf. 4 bøsse, treng hjelp) ○ Brunkeberg: Inger Lise Berge (6 konf., 8 bøsse) ○ Fjågesund: Gunn Karin Eikåsen (0 konf. 2 bøsse, klarer seg sjølv) • Møyfrid orienterar og motiverer konfirmantar og føresette. <p>Diakoni:</p>	

	<ul style="list-style-type: none"> • Andaktar på KOS og Midtsundtoppen held fram (same dag) • Soknebod er tilgjengeleg. Møyfrid ynskjer å tilby nattverd heime. Det treng ikkje vera på dødsleie. • ‘Gå vidare-gruppe’ er neste gong 1. mars, ved Møyfrid og Eilev Erikstein. Soknerådet ber dei <u>vurdere</u> annan tid enn kl. 11 på ein vanleg kvardag for om mogleg få med fleire. <p>Til kyrkjebladet treng vi snarleg ein ny frivillig medarbeidar for arbeid for Layout og oppsett av bladet før trykking.</p> <p>Forslag til vedtak: Soknerådet takkar for innblikka i arbeidet og ynskjer soknepresten, friviljuge og staben eit godt arbeidsår i 2018.</p> <p>VEDTAK: Som vedteke.</p>
Sak 15/17	Eventuelt HB
	<p>Er det grunn til å endre på nokon av møtedatoane vidare? Handsama meir i AU og færre møter i SR?</p> <p>Anna?</p> <p>VEDTAK: Soknerådet ynskjer å halda på møtedatoane og møtefrekvensen slik det er satt opp for 2018. Om mogleg kan godt nokre av møta vere utan fellesrådssaker for å få litt færre møter for kommunerepresentanten. Det er ikkje ynskjeleg med fleire AU møter for å redusera SR møter.</p>

Neste ordinære møte i soknerådet vert etter vedtak (69/17): 28. febr. 2018.
Datoar i 2018 etter det er 25. april, 13. juni, 22.aug., 3. okt. og 21. nov.